

REIS MÅLKRAVA 1. MAI



STØ FAGLEG 1. MAIFRONT 1977

Stri for nynorsk skriftmål – einaste sammennaren for dei norske dialektane!

Dette er det grunnlaget målreisinga bygger på. Det store fleirtalet av det norske folket snakkar ein norsk dialekt. Nynorsken er det einaste skriftmålet som bygger på dialektane, og såleis det naturlege skriftmålet for fleirtalet i landet. I dag blir både dialektbruk og nynorsk skriftmål halde nede. Det rette nasjonalmålet i Noreg blir såleis undertrykt, medan det danskrøtte bokmålet blir tvinga inn på folk på dei fleste område. Dersom folk i Noreg skal frigjere seg fullt ut, må vi vinne full rett for det norske målet. 1. mai, kampdagen til arbeidarklassen, er det viktig at vi fremjar målkraav.

**Alle dialektar i bygd og by er like gode.
Krev retten til å bruke dialekten din overalt.**

Særleg i byane blir dialektane sett på som «vulgærspåk». Borgarskapet har stempla t.d. Oslo-dialekten som utskjemt bokmål, og held fram sitt eige riksmål av dansk opphav som det normale og korrekte.

Men alle norske dialektar er like bra og vi må krevje retten til å bruke dialekten vår i alle samanhengar.

Imperialismen trugar norsk mål og norsk sjølvstende. Stri for nynorsk som bruksmål i heile Noreg!

Imperialismen trugar alle små nasjonar, også den vesle imperialismakta Noreg. Største trugsmålet kjem frå dei to supermaktene USA og Sovjet. Det er nok å nemne stikkord som Barentshavet, Svalbard og Team-work-øvinga. Når det nasjonale sjølvstendet er truga, står også nasjonalmålet i fare. Da Noreg var under dansk herredømme, vart det gamle norske skriftmålet utrydda, og dansk vart innført i staden. Liknande døme har vi frå koloniane der engelsk og fransk vart offisielle skriftmål.



Imperialismen hindrar bruken av det norske målet på fleire måtar. Særleg gjeld det dei internasjonale monopolverksemdene. Både den internasjonale storkapitalen og det norske borgerskapet ser det nasjonale sjølvstendet som ei hindring i profittjakt si. Det å måtte bruke eit lite nasjonalmål som det norske ser dei og som ei ulempe for seg. Difor nyttar monopolverksemdene ofte utanlandsk mål også i verksemda si her til lands. I statsbedrifta Norsk Hydro er det t.d. vanleg å halde styremøta på fransk. I oljeindustrien er det engelsk som blir nytta over alt.

Utanlandsk språk kjem og i bruk på andre måtar. Internasjonale forlag og vekeblad går inn på den norske marknaden med stoff som er slik laga at det skal selje like godt i Noreg som i Japan. Bruksrettleiingar og farevarsel kjem ofte på framande språk slik at den som treng dei ikkje skjønar kva dei tyder. Det er særleg engelsk som kjem inn over alt. Det heng saman med at Noreg etter krigen har lege inn under den amerikanske imperialismen.

Vi må reise det norske målet som ein lekk i striden for det nasjonale sjølvstendet, og vi må verne det nasjonale sjølvstendet for å trygge det norske målet. Imperialismen trugar både, difor må vi stri mot han.

Saker vi strir for

— *Krev nynorsk i grunnskulen — stri mot statsovergrep mot nynorskelevane!*

— *Staten holar ut retten til å bruka nynorsk i skulen: Tempoplan for nynorske lærebøker no! 13,5 mill. i tilleggsføring i 1977 — minst 25 mill. i 1978!*



- Lær av språkpolitikken i dei sosialistiske landa — alle lærebøker på vårt eige mål!
- Stri mot reaksjonen og Riksmålsforbundet — krev betre norskopplæring!
- LO-toppen undertrykker nynorsken — reis strid for nynorsk på arbeidsplassane og i fagrørsla!
- Nei til statsdiktat og samnorskpolitikk!
- Full trette til samane, sigøyningarane og framandarbeidarane i deira kamp for språkleg rettferd!
- Kamp for dei demokratiske rettane — forby «Norsk Front»!

Skulemålstriden går beint på valet mellom nynorsk og dansk-norsk, og det er her åtaka har vore sterkast. Vi meiner det er statsovergrep når skulekontoret i Tromsø står fram i AP-pressa og skjeller ut dei som har laga nynorskklasse i Tromsdalen for å vera fanatikarar og kløyvarar. Eller når førsteklasingane som skal ha nynorsk i Mosjøen blir påtvinga 3 km ekstra skuleveg med godkjenning frå KUD. Eller når vi ikkje får læremiddel på nynorsk slik som lova seier vi skal ha.

Dette er uttrykk for ei line, ikkje at einskilde skulefolk er mot nynorsk. Den innskrenka røysteretten som Vogt-komiteen fekk gjennom i skulemålssaker, og dei mange målbyta ved deling og endring av skulekrinsar er like eins staten sitt verk.

Den statsdirigerte samnorsk-politikken som stiller nynorsk og bokmål likt, er ein dolkestøytpolitikk mot nynorsken.

Det siste året har striden for nynorsk teke til på arbeidsplassane, og LO-leinga markerte seg straks som målundertrykkjarar. Difor må vi bruke 1. mai-arbeidet til å styrke striden for nynorsk innafor fagrørsla.

Riksmålsforbundet har storkapitalen i ryggen og går i brodden for å kaste ut nynorsken, særleg frå skulen. Dette har vi sist sett i åtaka mot sidemålsopplæringa i gymnaset.

Samane, sigøyningarane og framandarbeidarane er nasjonale minoritetar i Noreg, og har på same måten som det norske folket språklege rettferdskrav å fremja. 1. mai er ein fin dag å syna at vi stør deira kamp.

Fascismen trugar sjølvsgagne demokratiske rettar og vil undertrykkja folkelege frigjeringsrørslar som målrørsla. Landsmøtet i NMU vedtok å ha med ein paragraf i dei nye lovene sine, som stenger ute medlemmar og sympatisørar av «Norsk Front».

Målfolk og dei andre arrangementa 1. mai

I år skal det gå to tog dei fleste stader — nokre stader kan hende tre.

Det eine blir eit reint Arbeidarpartitog med hovudparolen «Fortsatt arbeiderstyre og AP-regjering». Dette er eit reint propagandatog for Arbeidarpartiet før Stortingsvalet. Arbeidarpartiet har stridd mot målreisinga sidan krigen gjennom folkeflyttinga, «språkfreds»politikken og det siste året gjennom propaganda mot læremiddelaksjonane og nynorsk skulemål i den lokale A-pressa. LO-leinga og det arbeidarpartidominerte forbundet Handel og Kontor har og teke klårt standpunkt mot nynorsk, mot målreisinga det siste året. Ingen målfolk bør gå i Samorg-toga, som er dominerte av Arbeidarpartiet.

I Oslo har SV og NKP brote med 1. mai-komiteen til Samorg. Men dei gjekk aldri mot hovudparolen, det var ein strid om tilleggstalarar og tilleggsparolar. Det vil seie at SV og NKP stør Arbeidarpartiregjeringa.

I eigne skrifter og program har ikkje SV teke standpunkt til målreisinga. Men i bladet Kontrast 1/76 går redaksjonen inn for ei «folkeleggjering» av både nynorsk og bokmål — dvs. tilnæringspolitikk på staten sine premissar. Dette er eit program som strir mot dei grunnleggjande interessene til målreisinga, og mot prinsippprogramma til Noregs Mållag og Norsk Målungdom. I praksis stemte dei imot språklege rettferdskrav i haust, da dei gjekk imot å løyve 20 millionar til nynorske læremiddel. Når SV til sist greier samle seg om eit standpunkt, dett dei såleis ned på feil side. Vi har heller ikkje tillit til det synet SV har på trugsmåla frå den imperialistiske supermakta Sovjet.

Fagleg 1. mai-front er den einaste tilskipinga 1. mai der vi ikkje blir tekne til inntekt for ein politikk som går mot krava våre.